



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato  
27.10.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/15542 632.4  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Tildelingsbrev - Kompetanse for mangfald prosjektnr. 62140

Utbetaling av tilskot: **Kroner 450 000** - vert utbetalt til Lindås kommune sitt kontonummer 3201 05 89311.

Midlane er tildelte ut frå følgjande retningslinjer og forventningar til deltakarane:

- satsinga skal vera barnehage og skulebasert etterutdanning
- prioriterte områder er fleirkulturell pedagogikk, andrespråkspedagogikk, andrespråksdidaktikk og vaksenpedagogikk
- barnehagen og skulen med leiinga i spissen, deltek i ein prosess der ein utviklar barnehagen og skulen sin kompetanse
- solid forankring hos tilsette i einingane som deltek, og hos barnehagemyndigheit, barnehage- og skuleeigarar
- barnehagemyndigheit, barnehage- og skuleeigarar som deltek i satsinga skal ha ein plan for korleis dei vil gjennomføra utviklingsarbeidet i samarbeid med HVL
- delta på opplæring i regelverket
- dela erfaringar med andre i satsinga

Dersom det skulle oppstå situasjonar som gjer at midlane ikkje kan brukast etter føresetnadene skal skuleeigar straks ta kontakt med Fylkesmannen. Vi gjer merksam på at Statens bevilgningsreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føra kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadane. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv.

Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Dersom det ved eit mistak skulle vera noko feil i tildelingsbrevet, vil dette verta retta opp ved eit seinare høve.

Rapportering

Lindås kommune har levert inn ein prosjektplan. Kommunen skal rapportere på bruken av midlane.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy  
seniorkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*